



Meland Idrettsråd  
c/o Bjørn Tore Hesjedal Markavegen 2M  
5918 FREKHAUG

Ikkje offentleg  
§ 26 2. ledd 2. punktum

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/541 - 18/9436

Saksbehandlar:  
Eirik Bouwer Utne  
eirik.utne@meland.kommune.no

01.05.2018

## Førespurnad om uttale idrettstipend 2018

Viser til retningslinene for idrettstipend, der Meland idrettsråd er høyringsorgan for tildelinga. Minner om at ein ønskjer å halde søkjarane unntatt offentlegheit inntil stipendet er tildelt, og at de i Meland idrettsråd har dette med dykk i saksgongen dykkar.

Det er komne inn tre søknadar til idrettstipendet for 2018, utan prioritering.

1. Nordhordland padleklubb søker på vegne av Endre Skurtveit, med søknadssum kr 30 000. Padleklubben viser til Skurtveit som ein aktivitetsleiar for ungdom innan padlesporten, og ein viktig ressursperson for utvikling av klubbens tilbud til barn og unge. Skurtveit har gjennomført kurs og skal gjennomføre fleire i tida framover. Eit stipend skal gå til innkjøp av undervisingsutstyr til Skurtveits virke som aktivitetsleiar. Skurtveit vert 14 år i 2018. Søknaden er innafor verkeområde for stipendordninga, men søker er under prioritert aldersgruppe på 15-26 år.
2. Meland Motorsportklubb søker på vegne av Runar Sudmann, med søknadssum kr 30 000. Motorsportklubben viser til Sudmanns gode resultat, utvikling og store aktivitet innafor sporten. Eit stipend skal gå til utgifter knytt til lisenser og vedlikehald av utstyr. Sudmann vert 18 år i 2018, og er i prioritert aldersgruppe. Søknaden er innafor verkeområde for stipendordninga, men kommunen har etterspurd søker om ettersending av budsjett for driftsåret.
3. Jonas Rasmussen Bjørge søker idrettstipend kr 30 000 til å støtte deltaking i Go-kartløp i utlandet. Søker viser til gode plasseringar og resultat over fleire år. Målet med deltakinga i utlandet er å auke kompetansen, samt å knytte kontaktar og bygge nettverk. Søknaden er tilrådd NMK Bergen, Bjørge er busett og har bakgrunn i Meland. Søker er 20 år og i prioritert aldersgruppe. Søknaden er innafor verkeområde for stipendordninga.

For nærmare detaljar ved søknadane ber eg dykk ta kontakt. Uttale må sendast innan 7.5.2018.

Med helsing

Eirik Bouwer Utne  
leiar kultur

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Bjørn Tore Hesjedal

Markavegen 2 M 5918

FREKHAUG

**Mottakere:**

Meland Idrettsråd

c/o Bjørn Tore 5918  
Hesjedal  
Markavegen 2M

FREKHAUG